

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2021



KONTROLLUTVALET I
ETNE KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2021.

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal ”**kontrollutvalet rapportere resultatata av sitt arbeid til kommunestyret**”.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstiller til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMENE I UTVALET

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Tollef Rullestad (Ap)
Nestleiar	Ragni Sunniva Fett (V)
Medlem	Kjetil Winterthun (Frp)
Medlem	Øyvind Kaldheim (Krf)
Medlem	Nina Vierdal Vee (Sp)

Varamedlemmer

1. Andreas Grumheden (Ap)
- ~~2. Solveig Hetleflåt (H)~~
3. Gunnar S. Løhaugen (Sp)

Utvallsleiar Rullestad er utvalet sin kommunestyrepreressant. Utvallsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlata denne retten til andre medlem i utvalet. 2. vara Solveig Hetleflåt søkte om fritak, og kommunestyret gjorde vedtak om dette 09.12.21.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har delteke på tri av møta. Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet.

Kommunedirektøren eller andre frå administrasjonen har vore til stades på alle fire møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2021

Kontrollutvalet har i 2021 hatt **4** (4) møte fordelt på to om våren og to om hausten. Eit møte har vore digitalt på Teams. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held møta på tinghuset.

Utvalet har hatt **25** (28) saker til handsaming, kor **5** (8) saker blei sendt til kommunestyret. **30** (38) saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På dei digitale konferansane i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i april og Forum for kontroll og tilsyn (FKT) i juni var det ingen frå Etne som deltok. På dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland i desember blei det heller ingen frå Etne som deltok. To medlem måtte melde forfall på kort varsel.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Her under ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 10.05.21, sak 9/21 kommunen sin årsrekneskap for 2020 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit

rekneskapsmessig meirforbruk/underskot på kr 13,2 mill.kr (etter avsetjing til driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Årsrekneskapen viste eit negativt netto driftsresultat med 13 mill. kr, som utgjør minus 4,3 % av driftsinntektene. Dette er under anbefalt nivå på 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 blei utarbeida i 2020, og var basert på ein Risiko- og vesentleganalyse. Kommunestyret vedtok den nye planen, etter innstilling frå kontrollutvalet, i møtet 27.10.20, sak 56/20.

Arbeidet med planen starta på nyåret 2020 med eit risikospel og det blei av revisjonen utarbeida utkast til plan med risiko – og vurderingar til maimøtet 2020. Utvalet drøfta planen i september og kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

1. *Trygt og godt skulemiljø*
2. *Bemanning, rekruttering og sjukefråvær*
3. *Kontrakts- og leverandøroppfølging*
4. *Tilpassa opplæring og spesialundervisning*
5. *Pleie og omsorg*
6. *Næring og landbruk*
7. *Internkontroll og kvalitetssystem*
8. *Skakke SA*
9. *Tomteselskapet Etne AS*
10. *Øyane Asvo AS*

Den felles forvaltningsrevisjonsrapporten om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) blei lagt fram i mai. KPMG AS kom med nokre tiltak til forbetringar knytte til demokratisk kontroll, skrifteleg avtale, kommunikasjon m.m. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak 10.06.21, sak 32/21. Tilbakemelding er venta på nyåret 2022.

Deloitte AS sin forvaltningsrevisjonsrapport om «Trygt og godt skulemiljø» blei lagt fram for kontrollutvalet i september og kommunestyret 28.10.21, sak 52/21. Revisor hadde peika på fleire forbetringpunkt, som var sett opp i ti tilrådingar. Frist for tilbakemelding om oppfølging blei sett til ni månader. Tilbakemelding er venta hausten 2022.

Kontrollutvalet valde i novembermøtet «Kontrakts- og leverandøroppfølging» som nytt prosjekt for levering i 2022.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Planen for 2020-2024 og retningslinjene for eigarskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møtet 27.10.20, sak 55/20. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

1. *Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen*
2. *Eigarskapskontroll av Skakke SA*
3. *Eigarskapskontroll av Tomteselskapet Etne AS*
4. *Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter*

Det blei ikkje gjennomført eigarskapskontrollar i 2021.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Deloitte AS var kommunen sitt revisjonsselskap fram til 30.06.21. Revisorane deltok delvis via Teams i møta på våren. Frå 01.07.21 overtok Rogaland Revisjon IKS med Tore Kristensen som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Han fekk møtt utvalet i september.

Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 10.06.21, sak 25/21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimsrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Deloitte AS kom med si uttale for rekneskapsåret 2020 samstundes med godkjenning av årsrekneskapsåret, og attestasjonen var utan atterhald eller merknader.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

Utvalet vedtok ein plan for orienteringar frå administrasjonen i mai 2020. Denne planen har blitt følgt opp i 2021.

Kommunalsjef for helse og sosial orienterte om sitt ansvarsområde i februar. I mai orienterte økonomisjefen. Kommunalsjef for utvikling og drift orienterte i september, og personalsjefen orienterte i november.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2021.

TENESTE 1100	REGNSKAP 2020	BUDSJETT 2021 (utvalet)	REKNESKAP 2021
Godtgjersle og driftsutgifter	49 417	107 800	35 604
Revisjonstenester	291 269	415 000	596 280
Sekretariatstenester	183 000	189 200	189 200
Sum utgifter (eks.mva.)	523 686	712 000	821 084

Kontrollutvalet handsama hausten 2021 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet for 2022. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 990 000. Framlegget blei vedteke av kommunestyret i møtet 28.10.21, sak 51/21.

6. SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 17 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Vestland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

For valperioden 2019 - 2023 er Ståle Tungesvik valt medlem i representantskapet med Trude Enge som varamedlem. Tungesvik deltok på det digitale representantskapsmøte 26.04.21

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2021 har vore nesten som planlagt. Eit møte blei gjennomført digitalt. Det har blitt utarbeida og presenterte to forvaltningsrevisjonsrapport.

Undersøkingane om «Trygt og godt skulemiljø» og «Forum for oppvekst i Sunnhordland» har vist at kommunen har forbettringspotensiale. Neste prosjekt er valt og vil omhandle kommunen si handsaming av kontrakts- og leverandør oppfølging.

Administrasjonen har elles gjort greie for kommunen sin økonomiske situasjon gjennom rekneskap og budsjett, samt orientert om andre aktuelle saker.

Etne, 7. februar 2022

Ragni Sunniva Fett

Tollef Rullestad
Leiar

Nina Vierdal Vee

Kjetil Winterthun

Øyvind Kaldheim

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/21 Godkjenning av protokoll frå møte 23.11.21
- 02/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef helse og sosial

- 03/21 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Trygt og godt skulemiljø»
- 04/21 Invitasjon til deltaking i forvaltningsrevisjon av Haugalandspakken
- 05/21 Årsmelding for kontrollutvalet 2020
- 06/21 Referat- og orienteringssaker 08.02.21

- 07/21 Godkjenning av protokoll frå møte 08.02.21
- 08/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef utvikling og drift
- 09/21 Etne kommune - uttale til årsrekneskapen for 2020
- 10/21 Forenkla etterlevingskontroll for 2020 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga
- 11/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)»
- 12/21 Referat- og orienteringssaker 10.05.21

- 13/21 Godkjenning av protokoll frå møte 10.05.21
- 14/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef utvikling og drift
- 15/21 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Trygt og godt skulemiljø»
- 16/21 Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde
- 17/21 Revisor si egenerklæring for 2021
- 18/21 Orientering om revisjonsplan for rekneskapsåret 2021
- 19/21 Budsjettframlegg 2022 –kontrollarbeidet i kommunen
- 20/21 Referat- og orienteringssaker 27.09.21

- 21/21 Godkjenning av protokoll frå møte 27.09.21
- 22/21 Orientering frå administrasjonen – personalavdelinga
- 23/21 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- 24/21 Framlegg til møteplan for 2022
- 25/21 Referat- og orienteringssaker 08.11.21

Saker til orientering:

1. Statusoversyn pr. februar 2021
2. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 02.12.20
3. Kronikk i Kommunal rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval – lokaldemokratiets vaktbikkje
4. Statusoversyn pr. mai 2021
5. KST-vedtak 23.02.21, sak 12/21 – Årsmelding for kontrollutvalet 2020
6. Saksframlegg om opptak av kommunane på Haugalandet i Rogaland Revisjon IKS
7. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland brann og redning IKS
8. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Vekst IKS
9. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

10. Representantskapsmøte 26.05.21 – HIM IKS
11. Invitasjon til digital FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021
12. KMD mars 2021 -Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften
13. «Har gått bra bunn til topp på ett år» - Kommunal Rapport 29.04.21
14. Statusoversyn pr. september 2021
15. KST-vedtak 10.06.21, sak 32/21 – forvaltningsrevisjonsrapport «Forum for oppvekst i Sunnhordland»
16. KST-vedtak 10.06.21, sak 25/21 – godkjenning av avtaler med Rogaland Revisjon IKS
17. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022
18. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
19. Haugaland brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 24.08.21
20. FKT-medlemsinformasjon juni 2021
21. Statusoversyn pr. november 2021
22. Kst-vedtak 28.10.21, sak 51/21 – budsjettframlegg 2022 – kontrollarbeidet i kommunen
23. Kst-vedtak 28.10.21, sak 52/21–forvaltningsrevisjonsrapport «Trygt og godt skulemiljø»
24. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 12.11.21
25. Referat frå ekstraordinært repr. møte 04.10.21 i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
26. Årsmelding 2020-2021 frå Mobbeombodet
27. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022
28. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
29. Invitasjon til NKRF's kontrollutvalgskonferanse 2. – 3. februar 2022
30. FKT-medlemsinformasjon september 2021